



sparebanken
sogn og fjordane

Sambygd

Sogn og Fjordane er.
Alt vi har, skaper vi *saman*.

Vi er Sambygd.



Berekraftstrategi

2022-2024



Med ansvar for å endre

Vi er gode på å dele ut pengar til gode formål av overskotet vårt til heile regionen, og vi er gode på å utøve det aller viktigaste samfunnsoppdraget vårt: Sikre eit levande og godt næringsliv her. Utan arbeidsplassar er det ingen behov for fotballhallar.

Vi brukte 2022 til å få kontroll på berekraft på dokumentnivå gjennom modular, strategiar og rapportering.

No må berekraft i breiaste forstand skinne gjennom i heile organisasjonen.

Skin samfunnansvaret godt innomhus, vil lyset vise betre utomhus. Vi skal i 2023 tydeleggjere standpunkta våre og kanskje ta nokre nye. Vi må sikre at vi er pådrivarar for endring, for vi har eit ansvar for å vere drivkraft for berekraftig utvikling.

Mål

- Vi skal ha ei klimanøytral utlånsportefølje seinast innan 2050 og jobbe aktivt for at Norge skal nå sitt mål om utsleppsreduksjon med minst 55 % innan 2030.
- FN sine berekraftsmål og banken sitt samfunnsansvar skal vere godt kjent og integrert i organisasjonen, og måla i berekraftsstrategien skal oppfyllest i løpet av 2023 og 2024.
- Vi skal i løpet av 2023 ha 2,5 mrd. kr i grøne bustadlån og 300 mill. kr i grøne næringslån, og utferda over 5 mrd. kr i grøne OMF-ar og 1 mrd. kr i grøne seniorobligasjonar.
- Gjennom stiftingane og eigne gåvemidlar stimulere til berekraftig utvikling i lokalmiljøa våre.

Styring og organisering

Berekraft er ein del av hovudstrategien vår. Strategien vert årleg vedteken i styret og legg overordna føringar for berekrafts-arbeidet vårt.

Banken har ei eiga berekraftsavdeling med to 100% stillingar, vi har også ei tverrfagleg berekraftsgruppe som vert leia av berekrafts-ansvarleg. Berekraft skal integrerast i alle rutinar og policyar i banken, og det skal vere ein naturleg del av banken si drift. Kvart fagområde har ansvar for at dette vert tatt omsyn til i arbeidet sitt.

Berekraftsgruppa har utarbeidd ein eigen strategi for berekrafts-arbeidet til banken, med mål og tiltak for alle fagområda. Strategien er vedtatt i konsernleiinga i banken og berekraftsgruppa har ansvaret for å følge opp planen og halde denne ved like. Dette skal ikkje vere eit statisk dokument, og vil bli oppdatert med nye mål og tiltak. Vi arbeider for fleire av FN sine berekraftsmål, men har valt ut fire mål som vi har ekstra fokus på, og som vi ønsker å ha ekstra innverknad på.

I vårt berekraftarbeid jobbar vi både med oss sjølve og eiga drift, samt kundar, leverandørar og andre samarbeidspartnarar.

Sertifisering og rapportering

Arbeidet vårt med berekraft skal rapporterast årleg i banken sin årsrapport.

Mål

- Rapportere i tråd med krav og forventningar til banken.
- Sette ambisiøse målbare mål og rapportere etter desse.
- Vere transparente i berekraftsarbeidet.
- Integreert rapportering i årsrapporten.

Tiltak

- Rapportere etter GRI-standard.
- Vere miljøfyrtårnsertifisert.
- Vere med i relevante berekraftsinitiativ.
- Rapportering i samsvar med grønt rammeverk og tilpassingar i EU-taksonomien.

- Mål**
- Kjønnsbalanse (40/60) på alle leiarnivå i banken.
 - Styrke økonomisk likestilling gjennom rådgjeving, produkt og tenester.



- Mål**
- Vi skal vere klimanøytrale innan 2050.
 - Vi skal ha eit godt utval av produkt som stimulerer til berekraftige investeringar.

Mål

- Sikre økonomisk aktivitet og verdiskaping i regionen vår.
- Støtte lokale lag og organisasjonar gjennom gåvemidlar.
- Bygge kompetanse og legge til rette for grøn omstilling i næringslivet.



Berekraftsmål

Vi har valt ut fire berekraftsmål vi skal ha særskilt fokus på for å bidra til ei meir berekraftig verd.

Mål

- Banken sine tilsette skal ha tilstrekkelig kompetanse til å hjelpe kundane våre med omstillinga til det grønne skiftet.
- Vi skal i løpet av 2023 ha utferda over 5 mrd. kr i grønne OMF-ar og 1 milliard i grønne seniorobligasjonar.
- Vi skal i løpet av 2024 ha 5 mrd i grønne bustadlån.

Bedriftsmarknad

Vi jobbar for eit berekraftig næringsliv

Mål

- Vi skal ha kompetanse til å rådgje bedriftskundar i berekraftsarbeidet.
- Klima og ESG skal vere ein del av kundesamtalen og banken si kunderådgjeving.
- Vi skal løfte næringslivet i regionen vår sin kompetanse på berekraft.
- Vi skal måle utsleppa for dei største bransjane våre.
- Vi skal ha eit godt utval av produkt som stimulerer til berekraftige investeringar.
- Vi skal ha 300 millionar i grønt næringslån i løpet av 2023.



Bedriftsmarknad

Vi jobbar for eit berekraftig næringsliv

Tiltak

- Implementere berekraft i kundemøter.
- Utarbeide krav til bedriftskundane våre med omsyn til klima og ESG, og rapportering på desse.
- Vidareutvikle vurdering av klima og ESG i kredittarbeidet.
- Identifisere aktivitetar som i følge EU-taksonomien ikkje er berekraftige og rådgje bedriftskundar om dette.
- Klima og ESG som tema på kundearrangement og fagsamlingar med rådgjevarane.
- Alle kunderådgjeverar skal ha opplæring i naturrisiko i løpet av 2023.

8

ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



11

BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN



13

STOPPE
KLIMAENDRINGANE



Privatmarknad

Vi skal legge til rette for at kundane våre kan ta meir berekraftige val.

Mål

- Auke fokus på berekraft blant kundar og banken sine rådgjevarar.
- Vi skal i løpet av 2024 ha 5 mrd. kr i grønne bustadlån og klimalån.
- Styrke økonomisk likestilling gjennom rådgiving, produkt og tenester.

Tiltak

- Opplæring om grøn sparing for kunderådgjevarar hausten 2023.
- Tilby grønne utlån og spareprodukt til kundane våre.
- Arrangere kundearrangement med fokus på å styrke økonomisk likestilling.
- Fremje klima og ESG i kundeprogrammet Kongleriket.
- Løfte fram grønt bustadlån som eit attraktivt og konkurransedyktig produkt.
- Opplæring energimerking av bustadar hausten 2023.

5

LIKESTILLING
MELLOM KJØNNA



8

ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



Produkt

Vi skal gjere det attraktivt å ta berekraftige val.



Mål

- Vi skal vere blant dei leiande med å tilby grøne produkt på sparing og lån blant sparebankane.
- Produkta skal dekke både privatmarknad og bedrifts-marknad, og ha ein tydeleg grøn bodskap.
- Vi skal i løpet av 2024 ha 5 mrd. i grøne bustadlån.
- Vi skal i løpet av 2023 ha 300 mill. i grøne næringslån.

Tiltak

- Løfte fram grønt bustadlån som eit attraktiv og konkurransedyktig produkt.
- Tilby klimalån med gunstig rente for å skape insentiv for å gjere bustaden meir energieffektiv.
- Tilby grønt næringslån som ein motivasjon for å investere meir klima- og miljøvennleg.
- Tydeleg merking av grøne val for fondssparing.

8

ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



13

STOPPE
KLIMAENDRINGANE



Finans

Berekraft og finans høyrer saman og er utstillingsvindaug mot eksterne investorar.

Mål

- Vi skal vere leiande blant samanliknbare sparebankar i den norske marknaden på å tilby grønne OMF-ar og seniorobligasjonar til investorane våre.
- Vi skal kun utstede grønne obligasjonar.

Tiltak

- Fornyte grønt rammeverk som gjer banken i stand til å utferde grønne obligasjonar.
- Gjennomgå utlåna til bedriftskundar for å finne alle egedelar som harmoniserer med EU taksonomien.

8

ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



13

STOPPE
KLIMAENDRINGANE



Teknologi og innovasjon

Vi skal effektivisere bankkvardagen
for kundar og tilsette.

Mål

- Resirkulere og gjenbruke utrangert IT-utstyr.
- Bygge solide og robuste løysingar med fokus på energisparande tiltak.

Tiltak

- Vi skal ha returavtalar med leverandørane våre på IT-utstyr, og ha ein garanti på at utstyret vert resirkulert og gjenbrukt.
- Redusere papirbruk og transport ved å nytte digital utsending av dokument og eSignering på avtaledokument.
- Utvikle darkmode-versjon av nettbanken.
- Måle utslepp på nettsida vår og sjå på korleis vi kan forbetre nettsida vår.



Drifta vår

Vi skal ha fokus på klima og berekraft i alle delar av drifta vår.

Mål

- Bli fossilfrie innan 2030.
- Redusere energiforbruket vårt.
- Redusere avfallsmengda vår.
- Alle kontora våre skal fortsette å vere Miljøfyrtårnsertifisert.
- Redusere reiseaktiviteten vår.

Tiltak

- Bytte ut alle fossilbilar med elbilar.
- Vi kjøper straum med opphavsgaranti.
- Kutte eingongsfat og -koppar.
- Møblar og anna inventar som vi av ulike grunnar skiftar ut skal seljast/resirkulerast.
- Lage ein reisepolicy for banken.
- Våre bygg skal ha breem sertifisering.
- Nytte taket på bygget vårt til "grøn lunge".

Innkjøp

Banken skal vere ein attraktiv og profesjonell kunde som gjennom gode innkjøp sikrar gode tenester til kundane våre og dei tilsette.



Mål

- Legge vekt på høg standard innan helse, miljø og tryggleik i innkjøpa våre.
- Ha fokus på ytre miljø og klimavenlege produkt og løysingar gjennom innkjøpsavtalar og kontrakter.

Tiltak

- I anbuda våre skal det ligge føre krav og forventingar knytt til etisk handel, sosiale forhold og klima hos leverandørane våre.
- Leverandørane våre skal forplikte seg til å arbeide for å bli klimanøytrale.
- Vi skal kontinuerleg gjennomføre aktsemdsvurderingar på relevante leverandørar.



Saman bygger vi berekraftige
byar og lokalsamfunn.
Vi er sambygd.